




VOLDA KOMMUNE

**Servicekontoret
6100 VOLDA**



Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

VOLDA, 29.11.2006

Vår ref
IJJ-06/01101

Løpenr.
008713/06

Arkivkode
C84 &13

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Vi melder med dette frå at KOMMUNESTYRET den 23.11.2006 hadde føre ovannemnde som sak 0098/06, der det vart gjort slikt vedtak:

1

Staten bør føre ein aktivt støttande religionspolitikk. Det skal vere full religionsfridom i Norge. Staten skal legge tilhøva til rette for utøving av religiøs verksemd blant anna gjennom å sikre ei tilstrekkeleg finansiering til dei ulike trus- og livssynsamfunn. Sjølv om Grunnlova framhevar "den evangelisk-lutherske religion" som den dominerande og den som står nærast statsforfatningen, skal andre livssynssamfunn vere sikra både økonomisk grunnstøtte og tilskott til seremonirom.

Vedteke med 17 røyster, 10 røysta mot.

2.

Den norske kyrkje som statskyrkje bør avviklast

Vedteke med 14 røyster, 13 røysta mot.

Den norske kyrkje bør halde fram som statskyrkje, vere forankra i grunnlova og vere offentleg finansiert utan medlemsavgift.

Fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

3.

Grunnlova

Vedteke med 14 røyster, 13 røysta mot.

Ei eventuell endring av kyrkjeordninga vil vere ei så grunnleggande endring at spørsmål om eit evt. skilje mellom stat og kyrkje må leggest fram for folket i ei folkeavrøysting.

Vedteke med 22 røyster, 5 røysta mot.

Den norske kyrkje bør vere forankra i "lov om trussamfunn".

Fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org. nr.	939 760 946
Stormyra 2	70 05 87 12	70 05 87 01	Postgiro skatt	0827.5915190
6100 VOLDA	(dir.innval til saksh.)	70 05 87 51	Bankgiro	3991.07.81727
		70 05 88 71		
Gateadresse:		70 05 88 56		
Stormyra 2		70 05 87 91		

VOLDA KOMMUNE

Volda kommune

6101 VOLDA

Den norske kyrkje bør vere forankra i eigen kyrkjelov.

Fekk 4 røyster og fall. 23 røysta mot.

4.

Den norske kyrkje bør finansierast gjennom støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift.

Vedteke med 14 røyster, 13 røysta mot.

Offentleg finansiering utan medlemsavgift.

Fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

5.

Demokratiet bør sikrast gjennom å auke bruken av direkte val til kyrkjas vedtaksorgan.

6.

Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla bør det i tillegg til prinsippet om religionsfridom stå i §2 (eller i ein annan pragraf) i Grunnlova:

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

At Den norske kyrkje er ei evangelisk – luthersk kyrkje.

Samrøystes vedteke.

7.

Den lokale kyrkje (menighetsråd eller kyrkjeleg fellelråd) bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Vedteke med 18 røyster.

Kommunen bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Fekk 9 røyster og fall. 18 røysta mot.

8.

Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Vedteke med 16 røyster. 11 røysta mot.

Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.

Fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Mange av kyrkjene er særst viktige kulturminner. Det er ei oppgåve for staten å frigje økonomiske midlar til å sikre eit naudsynt vedlikehald og opprusting av kyrkjebygga. Dette kan t.d. gjerast ved å avvikle Opplysningsvesenets fond.

Staten bør overta ansvar for vedlikehald av mellomalderkyrkjer.

Samrøystes vedteke.

VOLDA KOMMUNE
Volda kommune
6101 VOLDA

Saksutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Med helsing

Volda kommune, Servicekontoret

Anne-Karin Egseth

Anne-Karin Egseth

sekretær

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 06/01101

NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkiv: C84 &13
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0047/06	FORMANNSKAPET	22.05.2006
0096/06	FORMANNSKAPET	13.11.2006
0098/06	KOMMUNESTYRET	23.11.2006

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arne Eliassen	Arkiv: C84 &13
Arkivsaksnr.:	06/01101	

NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding


Samandrag:

I formannskapsmøte den 22.05.2006 i sak 0047/06, vart det sett ned ei prosjektgruppe for å gje forslag til uttale til NOU 2006:2 Staten og Den Norske Kyrkja.

Prosjektgruppa har no lagt fram si innstilling til politiske handsaming (sjå vedlegg).

Vedlegg:

1. Notat frå prosjektgruppa
2. Skjema: Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høyringsinstansane
3. Høyringsbrev
4. NOU 2006:2, kapittel 2: Samandrag



Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Saksprotokoll

Utval: FORMANNSKAPET
 Møtedato: 13.11.2006
 Sak: 0096/06

Arkivsak: 06/01101
 Tittel: NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Tilråding til kommunestyret:

1. Kva overordna prinsipp bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Staten bør føre ein aktivt støttande religionspolitikk. Det skal vere full religionsfridom i Norge. Staten skal legge tilhøva til rette for utøving av religiøs verksemd blant anna gjennom å sikre ei tilstrekkeleg finansiering til dei ulike trus- og livssynsamfunn. Sjølv om Grunnlova framhevar "den evangelisk-lutherske religion" som den dominerande og den som står nærast statsforfatningen, skal andre livssynssamfunn vere sikra både økonomisk grunnstøtte og tilskott til seremonirom.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje

Bør avviklast

1. I kva lov bør Den norske kyrkje vere forankra?

Grunnlova

- *Ei eventuell endring av kyrkjeordninga vil vere ei så grunnleggande endring at spørsmål om eit evt. skilje mellom stat og kyrkje må leggjast fram for folket i ei folkeavrøysting.*

2. Korleis bør Den norske kyrkje vere finansiert?

Offentleg finansiering utan medlemsavgift.

3. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga blir avvikla?

Auke bruken av direkte val til kyrkjens vedtaksorgan.

6. Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla, kva bør i så fall stå i §2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

At Den norske kyrkje er ei evangelisk – luthersk kyrkje.

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?

Den lokale kyrkje (menighetsråd eller kyrkjeleg fellelsråd).

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?

Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

- a) *Mange av kyrkjene er særst viktige kulturminner. Det er ei oppgåve for staten å frigje økonomiske midlar til å sikre eit naudsynt vedlikehald og opprusting av kyrkjebygga. Dette kan t.d. gjerast ved å avvikle Opplysningsvesenets fond.*

- b) *Staten bør overta ansvar for vedlikehald av mellomalderkyrkjer.*

Behandling:

Ordføreren kom med fylgjande framlegg som tillegg til spørsmål 3 og 8:

Nytt punkt til spørsmål 3:

Ei eventuell endring av kyrkjeordninga vil vere ei så grunnleggande endring at spørsmål om eit evt. skilje mellom stat og kyrkje må leggest fram for folket i ei folkeavrøysting.

Nytt punkt til spørsmål 8:

- a) *Mange av kyrkjene er særst viktige kulturminner. Det er ei oppgåve for staten å frigje økonomiske midlar til å sikre eit naudsynt vedlikehald og opprusting av kyrkjebygga. Dette kan t.d. gjerast ved å avvikle Opplysningsvesenets fond.*
- b) *Staten bør overta ansvar for vedlikehald av mellomalderkyrkjer.*

Ingrid Opedal fekk permisjon k. 20.30. Det var såleis 7 røysteføre til stades under resten av møtet.

Til spørsmål 2:

Gunnar Strøm kom med framlegg tilsvarande alterantiv 2 i spørreskjema:
Bør avviklast

Til spørsmål 3:

Arild Iversen kom med framlegg tilsvarande alternativ 2 i spørreskjema:
Eiga kyrkjelov vedtatt av Stortinget
Gunnar Strøm kom med framlegg tilsvarande alternativ 3 i spørreskjema:
Lov om trusamfunn

Til spørsmål 4:

Gunnar Strøm kom med framlegg tilsvarande alternativ 3 i spørreskjema:
Støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift

Til spørsmål 7:

Gunnar Strøm kom med framlegg tilsvarande alternativ 3 i spørreskjema:
Kommunen

Til spørsmål 8:

Gunnar Strøm kom med framlegg tilsvarande alternativ 3 i spørreskjema:
Kommunen bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.

Røysting:

Til spørsmål 1:

Tilrådinga frå prosjektgruppa vart samrøystes vedteken.

Til spørsmål 2:

Ved alterantiv røysting mellom prosjektgruppa si tilråding og Gunnar Strøm sitt frmalegg, fekk Gunnar Strøm sitt framlegg 4 røyster og vart vedteke. Prosjektgruppa sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

Til spørsmål 3:

Framlegget frå prosjektgruppa fekk 3 røyster og vart vedteke.

Framlegget frå Arild Iversen fekk 2 røyster og fall.

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk 2 røyster og fall.

Tilleggsframlegget frå ordføreren fekk 4 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Til spørsmål 4:

Prosjektgruppa sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke. Gunnar Strøm sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

Til spørsmål 5:

Prosjektgruppa sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Til spørsmål 6:

Prosjektgruppa sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Til spørsmål 7:

Prosjektgruppa sitt framlegg fekk 6 røyster og vart vedteke.

Gunnar Strøm sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

Til spørsmål 8:

Ved alternativ røysting mellom prosjektgruppa sitt framlegg og Gunnar Strøm sitt framlegg, fekk prosjektgruppa sitt framlegg 6 røyster og vart vedteke. Gunnar Strøm sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

Ordføraren sitt tilleggsframlegg pkt. a vart samrøystes vedteke.

Ordføraren sitt tilleggsframlegg pkt. b vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll

Utval: KOMMUNESTYRET
Møtedato: 23.11.2006
Sak: 0098/06

Arkivsak: 06/01101
Tittel: NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Vedta:

1.

Staten bør føre ein aktivt støttande religionspolitikk. Det skal vere full religionsfridom i Norge. Staten skal legge tilhøva til rette for utøving av religiøs verksemd blant anna gjennom å sikre ei tilstrekkeleg finansiering til dei ulike trus- og livssynsamfunn. Sjølv om Grunnlova framhevar "den evangelisk-lutherske religion" som den dominerande og den som står nærast statsforfatningen, skal andre livssynsamfunn vere sikra både økonomisk grunnstøtte og tilskott til seremonirom.

Vedteke med 17 røyster, 10 røysta mot.

2.

Den norske kyrkje som statskyrkje bør avviklast

Vedteke med 14 røyster, 13 røysta mot.

Den norske kyrkje bør halde fram som statskyrkje, vere forankra i grunnlova og vere offentleg finansiert utan medlemsavgift.

Fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

3.

Grunnlova

Vedteke med 14 røyster, 13 røysta mot.

Ei eventuell endring av kyrkjeordninga vil vere ei så grunnleggande endring at spørsmål om eit evt. skilje mellom stat og kyrkje må leggast fram for folket i ei folkeavrøysting.

Vedteke med 22 røyster, 5 røysta mot.

Den norske kyrkje bør vere forankra i "lov om trussamfunn".

Fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Den norske kyrkje bør vere forankra i eigen kyrkjelov.

Fekk 4 røyster og fall. 23 røysta mot.

4.

Den norske kyrkje bør finansierast gjennom støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift.

Vedteke med 14 røyster, 13 røysta mot.

Offentleg finansiering utan medlemsavgift.

Fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

5.

Demokratiet bør sikrast gjennom å auke bruken av direkte val til kyrkjens vedtaksorgan.

6.

Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla bør det i tillegg til prinsippet om religionsfridom stå i §2 (eller i ein annan pragraf) i Grunnlova:

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.

At Den norske kyrkje er ei evangelisk – luthersk kyrkje.

Samrøystes vedteke.

7.

Den lokale kyrkje (menighetsråd eller kyrkjeleg fellesråd) bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Vedteke med 18 røyster.

Kommunen bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Fekk 9 røyster og fall. 18 røysta mot.

8.

Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Vedteke med 16 røyster. 11 røysta mot.

Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.

Fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Mange av kyrkjene er særst viktige kulturminner. Det er ei oppgåve for staten å frigje økonomiske midlar til å sikre eit naudsynt vedlikehald og opprusting av kyrkjebygga. Dette kan t.d. gjerast ved å avvikle Opplysningsvesenets fond.

Staten bør overta ansvar for vedlikehald av mellomalderkyrkjer.

Samrøystes vedteke.

Behandling:

Ordføraren fekk tilslutning til at uttalen vert redaksjonelt skriven om til fullsetningsform.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2, 3 og 4 i formannskapet si tilråding:

Den norske kyrkje bør halde fram som statskyrkje, vere forankra i grunnlova og vere offentleg finansiert utan medlemsavgift.

Ei eventuell endring av kyrkjeordninga vil vere ei så grunnleggande endring at spørsmål om eit evt. skilje mellom stat og kyrkje må leggest fram for folket i ei rådgjevande folkeavrøysting.

Gunnhild Larsgård kom med fylgjande framlegg:

1. *Volda kommunestyre meiner at stat og kyrkje bør skille lag.*
2. *Det skal vere full religionsfridom i Norge.*
3. *Kyrkjeordninga må vere heimla i lov om trossamfunn.*

Egil Straume kom med fylgjande framlegg:

1. *Den norske kyrkje som statskyrkje bør avviklast.*
2. *Den norske kyrkje bør vere forankra i eigen kyrkjelov.*

Gunnar Strøm kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2, 3, 4, 7 og 8 i formannskapet si tilråding:

2. *Statskyrkja bør avviklast.*
3. *Den norske kyrkje bør vere forankra i lov om trussamfunn.*

4. *Den norske kyrkje bør finansierast gjennom støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift.*
7. *Kommunen bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.*
8. *Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.*

KRF v/Kjell Petter Wiik kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 1, 3 og 4 i formannskapet si tilråding:

1. *Staten bør føre ein aktiv støttande religionspolitikk. Det skal vere full religionsfridom i Norge. Staten skal legge tilhøva til rette for utøving av religiøs verksemd blant anna gjennom å sikre ei tilstrekkelig finansiering til dei ulike trus- og livssynssamfunn.*
2. *Lov om trussamfunn*
3. *Støtte frå det offentlige og med noe medlemsavgift*

Kommunestyret tok pause, der forslagstillarane fekk høve til å samordne framlegga.

Kjell-Petter Wiik, Egil Straume, Gunnar Strøm og Gunnhild Larsgård kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2 som tilsvarar tilrådinga frå formannskapet:

2. *Den norske kyrkje som statskyrkje bør avviklast.*

Kjell-Petter Wiik, Gunnar Strøm og Gunnhild Larsgård kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 3:

3. *Den norske kyrkje bør vere forankra i "lov om trussamfunn".*

Egil Straume kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 3:

3. *"Eigen kyrkjelov"*

Kjell-Petter Wiik og Gunnhild Larsgård kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 4 i formannskapet si tilråding:

4. *Den norske kyrkje bør finansierast gjennom støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift.*

Røysting:

Pkt. 1 i formannskapet si tilråding fekk 17 røyster og vart vedteke. 10 røysta mot.
Framlegg til pkt. 1 frå Kjell Petter Wiik vart såleis ikkje røysta over.

Ordføraren sitt framlegg som alternativ til pkt. 2, 3 og 4 i formannskapet si tilråding til pkt. 2 fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

Pkt. 2 i formannskapet si tilråding fekk 14 røyster og vart vedteke. 13 røysta mot.

Kjell Petter Wiik, Egil Straume, Gunnar Strøm og Gunnhild Larsgård sitt framlegg til pkt. 2 vart såleis ikkje røysta over.

Kjell Petter Wiik, Gunnar Strøm og Gunnhild Larsgård sitt framlegg til pkt. 3 (lov om trussamfunn) fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Egil Straume sitt framlegg til pkt. 3 (eigen kyrkjelov) fekk 4 røyster og fall. 23 røysta mot.

Pkt. 3 i formannskapet si tilråding (Grunnlova) fekk 14 røyster og vart vedteke. 13 røysta mot.

Kulepunkt i pkt. 3 i formannskapet si tilråding fekk 22 røyster og vart vedteke. 5 røysta mot.

Pkt. 4 i formannskapet si tilråding fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

Gunnar Strøm sitt framlegg til pkt. 4 og Kjell Petter Wiik/Gunnhild Larsgård sitt framlegg til pkt. 4 fekk 14 røyster og vart vedteke. 13 røysta mot.

Pkt. 5 i formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6 i formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom formannskapet si tilråding til pkt. 7 og Gunnar Strøm sitt framlegg til pkt. 7, fekk formannskapet si tilråding 18 røyster og vart vedteke. Strøm sitt framlegg fekk 9 røyster og fall.

Fyrste setning i pkt. 8 i formannskapet si tilråding fekk 16 røyster og vart vedteke. 11 røysta mot. Gunnar Strøm sitt framlegg til pkt. 8 fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Pkt. a og b under pkt. 8 vart samrøystes vedteke.